



Arkivsaknr: 2025/3078-1
Sakshandsamar: Hilde Rydland
Avdeling: Eigedom

SAKSFRAMLEGG

Utvida mandat for konseptfase - ny ungdomsskule på Frekhaug

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtar ei utviding av eksisterande mandat for konseptfasen for ny ungdomsskule på Frekhaug, ved at dagens ungdomsskuleomt Havnevegen 53 blir inkludert i konseptfasen.

Politisk handsaming


Saka skal til innstilling i Formannskapet.

Saka skal avgjerast i Kommunestyret.

Saka gjeld

Saka gjeld planlegging av ny ungdomsskule på Frekhaug. Kommunedirektøren meiner at ei utviding av mandatet bør vurderast, slik at eksisterande ungdomsskuleomt i Havnevegen 53 blir inkludert i arbeidet.

Investeringsprosjekt gjennomførast i tråd med Alver kommune sitt reglement for investeringar. Fasane i prosjekta er vist i figuren under. Mandatet vart vedtatt av kommunestyret i 2022 (beslutningspunkt 1). Prosjektet er no i konseptfasen.




Figur 1: Fasar og avgjerdspunkt i prosjektmetodikken

- | | |
|---------|---|
| Fase 1: | Idéfase – kommunen ser at det er behov for eit prosjekt |
| Fase 2: | Konseptvalg – kommunen vurderer ulike prosjektforslag som kan løyse kommunen sitt behov |
| Fase 3: | Forprosjekt – kommunen jobbar vidare med å planlegge det valgte prosjektet |
| Fase 4: | Gjennomføring – kommunen gjennomfører prosjektet |

Saksopplysningar

Bakgrunn

Meland ungdomsskule har behov for meir areal og har eit større vedlikehaldsbehov. I sak 145/22 vedtok kommunestyret mandat for konseptfase for bygging av ny skule. I vedtaket vart det vedtatt å greie ut to tomter: Fosseskaret / tomta ved Meland Aktiv (1) og Langelandsskogen (2). Dagens tomt i Havnevegen 53 (3) vart ikkje inkludert i mandatet.



Behov

Vurderingsgrunnlag

Kommunedirektøren har arbeidd med konseptfasen og dei ulike lokalisjonane. Utbygging på begge dei to tomtene som no blir vurdert, vil medføre store kostnader knytt til etablering av infrastruktur.

Viser til sak i barnehage- og skulebruksplanen, PS 126/24, der denne utfordringa er peika på.

Utdrag frå saka: *«I konseptfasen skulle to tomter vurderast for ny ungdomsskule. I prosessen har kommunedirektøren sett at begge tomtene er utfordrande å byggje på grunna høge kostnader med rekkjefølgjekrav og anna nødvendig infrastruktur.»*

Vidare viser kommunedirektøren i same sak at også dagens skuletomt kan vere eit mogleg alternativ for ny ungdomsskule. Det er gjort nokre vurderingar av tomta, og så langt ser dette ut til å vere ei gjennomførbar løysing.

Kommunedirektøren meiner at det er viktig å vurdere eksisterande tomt med tanke på moglegheit for gjenbruk av bygningsmasse. Vanlegvis vil rehabilitering og bruk av dagens bygningsmasse vere eit av konseptane kommunedirektøren vil vurdere i ein konseptfase. Dagens tomt kan vere fordelaktig både med tanke på fotavtrykk, økonomi og miljø. Dersom konseptfasen skal gje ein heilskapleg og godt opplyst vurdering av lokasjonar for ny ungdomsskule, vil det vere fornuftig å inkludere eksisterande tomt i det arbeidet.

Ei vurdering av dagens skuletomt i konseptfasen vil og vere i tråd med kommuneplanens samfunnsdel sine strategiar: «Vi skal satse på gjenbruk, sirkulærøkonomi, energieffektivisering og reduksjon av klimagassutslepp.»

Vidare er sentrumsutvikling tatt opp i kommuneplanens samfunnsdel, der måla er å samle sentrumsfunksjonar, sikre «liv i sentrum» og sambruk. Dagens skuletomt vil byggje opp under dette.

Økonomiske konsekvensar

I vedtak av mandat i KO-sak 145/22 står det: «Kommunen er i ein vanskeleg økonomisk situasjon og bør difor vera nøktern når ein planlegg og byggjer nye bygg.»

Kommunestyret har nyleg vedtatt Barnehage- og skulebruksplanen og kommunen sin økonomi har blitt meir krevjande.

Konseptfasen er den minst økonomisk belastande delen av investeringsprosjekt. Samtidig er denne fasen den viktigaste for den samla prosjektøkonomien, fordi det er her premissane for prosjektet vert lagt. Det inneber at det er formålstenleg at fleire moglege alternativ vert utgreidd når kostnaden med utgreiing framleis er låg. Det er ikkje behov for tilleggsfinansiering utover allereie løyvde midlar til prosjektet for å utvide konseptfasen med eit alternativ.

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren rår til at eksisterande ungdomsskuletomt, Havnevegen 53, vert tatt med i vurderingar i konseptfasen.